

PROTOKOLL FRÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING 2017

Den 15. mai 2017 vart det halde ordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU), org nr; 992 971 118, i selskapet sine lokale i Vidsyn, Sløvågen 2 i Gulen.

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Marit Wick, som gjorde oppteljing av møtande aksjeeigarar og fullmakter:

Aksjonær	# aksjar / andel	Representert ved
SIVA – selskapet for Industrivekst sf	5 113 aksjar (24,8%)	fullmakt til styreleiar
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	4 625 aksjar (22,4%)	ikkje møtt
Gulen kommune	4 444 aksjar (21,6%)	Odd Harald Eide
Masfjorden kommune	4 443 aksjar (21,5%)	Frode Langhelle
Hordaland Fylkeskommune	2 000 aksjar (9,7%)	fullmakt til styreleiar

Dermed var 16 000 av totalt 20 625 aksjar og stemmer representert, tilsvarande 77,6%.

I tillegg møtte :

Solveig Daae Kristiansen – Dagleg leiar Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Ragnhild Undertun – ny dagleg leiar Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Marit Wick, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Steinar Østerbø, Hans Martin Martiniussen, Arve Hatlevik, Audhild Schaathun - styret i GMU

Det vart deretter gått over til å handsama dagsordenen:

1. Val av møteleiar

Marit Wick vart samrøystes vald som møteleiar.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiar reiste spørsmål om det var merknadar til innkalling eller dagsorden. Då det ikkje var innvendingar vart innkalling og dagsorden rekna som godkjent. Møteleiaren stadfesta at generalforsamlinga var lovleg sett.

3. Val av representant til å underteikna protokollen saman med møteleiar

Frode Langhelle vart vald til å underteikna protokollen saman med møteleiar. Avgjerdsla var samrøystes.

4. Presentasjon av selskapet si drift og stilling

Dagleg leiar gav ei orientering om selskapet si aktivitet og resultat i 2016 og drift og stilling i 2017 og svara på spørsmål frå aksjonærane.

5. Godkjenning av styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, medrekna disponering av resultat

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, samt revisor si melding var sendt ut til aksjeeigarane. Årsrekneskap, årsmelding og revisor sin melding vart gjennomgått i møtet.

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding for rekneskapsåret 2016 vart godkjent. I tråd med styret sitt forslag vart det samrøystes vedteke å ikkje dela ut utbytte.

6. Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor

Honorar til selskapet sin revisor i 2016 på kr 17.000,-, der kr 11.000,- er honorar for ordinær revisjon, vart samrøystes vedteke.

7. Fastsetjing av godtgjersle til styret sine medlemmar

Styregodtgjersle på same nivå som tidlegare år, kr 20.000,- til styreleiar og kr 15.000,- til andre styremedlemmar vart samrøystes vedteke. Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå å få styrehonorar.

8. Val av styre

Valnemnda sitt forslag til nytt styre i selskapet vart samrøystes vedteke. Det nye styret har følgjande samansetjing:


Halvard Oppedal	Styreleiar (Gulen Kommune)
Karstein Totland	Nestleiar (Masfjorden kommune)
Audhild B. Schaathun	Styremedlem (Sogn og Fjordane Fylkeskommune)
Steinar Østerbø	Styremedlem (næringslivet)
Solveig D. Kristiansen	Styremedlem (næringslivet)
Njål Wilberg	Styremedlem (næringslivet)
Frode Kversøy	Styremedlem (næringslivet)

9. Fastsetjing av godtgjersle til valnemnda


I tråd med styret sitt forslag vart godtgjersle til valnemnda samrøystes vedteke til kr 2.000,-.

Det var ingen fleire saker til handsaming, og generalforsamlinga vart avslutta.

Sløvåg, 15. mai 2017



Marit Wick



Frode Langhelle